

Fra: Evelyn Omenås[evom@stranda.kommune.no]
Dato: 10.02.2016 13:43:23
Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Tittel: Vedtaksbrev - Kommunereforma - Retningsval Stranda kommune

Melding om vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
6404 MOLDE

Vår ref.:
2014001345- 69

Dykkar ref.:

Arkiv:
K1 - 033

Dato:
10.02.2016

Vedtaksbrev - Kommunereforma - Retningsval Stranda kommune

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

03.02.2016 KOMMUNESTYRET 018/16

Pkt. 1

0-alternativet skal ligge til grunn i det vidare arbeidet med kommunereforma, og skal vere eit alternativ i ei eventuell folkerøysting/innbyggjarundersøking.

Vedtak samrøystes

Pkt.2.

Stranda kommune startar forhandlingar med Norddal kommune for utarbeiding av intensjonsavtale

Vedtak med 24 mot 1 røyst

Pkt.3.

Parallelt startar Stranda kommune forhandlingar med Sykkylven kommune for utarbeiding av

Vedtak samrøystes

Pkt 4.

Dersom andre kommunar kjem med invitasjonar til samtalar knytt til framtidig samarbeid, vil Stranda kommune vere positive til slike samtalar.

Vedtak samrøystes

Pkt. 5.

Elisabeth Opsvik trekker seg frå prosjektgruppa og forhandlingsutvalet pga. habilitet. Svein Erik Rimstad er ny medlem i begge gruppene.

Rådmannen skal vere representert i forhandlingsutvalet.

Vedtak samrøystes

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Kjartan Lied
Ass.rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

--	--	--

STRANDA KOMMUNE SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FORMANNSKAPET	26.01.2016	008/16
KOMMUNESTYRET	26.01.2016	011/16
KOMMUNESTYRET	03.02.2016	018/16

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole		
Saksbehandlar: Kjartan Lied	Arkiv: K1 - 033	Arkivsaknr 14/1345

Kommunereforma - Retningsval Stranda kommune

Rådmannen si tilråding:

1. Stranda kommune går ikkje vidare med nullalternativet.
2. Stranda kommune startar forhandlingar med Norddal kommune for utarbeiding av intensjonsavtale.
3. Stranda kommune går inn samtalar med Sykkylven kommune dersom ein ikkje når fram med intensjonsavtale med Norddal kommune.

26.01.2016 FORMANNSKAPET

Framlegg under møtet:**Framlegg frå Randi Sæter:**

Pkt. 1

0-alternativet skal ligge til grunn i det vidare arbeidet med kommunereforma, og skal vere eit alternativ i ei eventuell folkerøysting/innbyggjarundersøking.

Pkt.2.

Uendra.

Nytt Pkt.3.

Parallelt startar Stranda kommune forhandlingar med Sykkylven kommune for utarbeiding av intensjonsavtale.

Nytt pkt 4.

Dersom andre kommunar kjem med invitasjonar til samtalar knytt til framtidig samarbeid, vil Stranda kommune vere positive til slike samtalar.

Møtebehandling

Ann Kristin Langeland ugild i sak 008/16

Tilråding til kommunestyret samrøystes:**FOR- 008/16 Vedtak:**

Nytt Pkt. 1

0-alternativet skal ligge til grunn i det vidare arbeidet med kommunereforma, og skal vere eit alternativ i ei eventuell folkerøysting/innbyggjarundersøking.

Pkt.2.

Stranda kommune startar forhandlingar med Norddal kommune for utarbeiding av intensjonsavtale

Nytt Pkt.3.

Parallelt startar Stranda kommune forhandlingar med Sykkylven kommune for utarbeiding av intensjonsavtale

Nytt pkt 4.

Dersom andre kommunar kjem med invitasjonar til samtalar knytt til framtidig samarbeid, vil Stranda kommune vere positive til slike samtalar.

26.01.2016 KOMMUNESTYRET

Møtebehandling:

KOM- 011/16 Vedtak:

Saka utsett.

03.02.2016 KOMMUNESTYRET**Møtebehandling:
Vedtak samrøystes****KOM- 018/16 Vedtak:**

Pkt. 1

0-alternativet skal ligge til grunn i det vidare arbeidet med kommunereforma, og skal vere eit alternativ i ei eventuell folkerøysting/innbyggjarundersøking.

Vedtak samrøystes

Pkt.2.

Stranda kommune startar forhandlingar med Norddal kommune for utarbeiding av intensjonsavtale

Vedtak med 24 mot 1 røyst

Pkt.3.

Parallelt startar Stranda kommune forhandlingar med Sykkylven kommune for utarbeiding av

Vedtak samrøystes

Pkt 4.

Dersom andre kommunar kjem med invitasjonar til samtalar knytt til framtidig samarbeid, vil Stranda kommune vere positive til slike samtalar.

Vedtak samrøystes

Pkt. 5.

Elisabeth Opsvik trekker seg frå prosjektgruppa og forhandlingsutvalet pga. habilitet. Svein Erik Rimstad er ny medlem i begge gruppene.

Rådmannen skal vere representert i forhandlingsutvalet.

Vedtak samrøystes**SAKSUTGREIING****Bakgrunn for saka**

Syner til tidlegare sak og vedtak i KOM – 118 /15.

1. Stranda kommune går ikkje vidare i arbeidet med ei storkommune på Nordre Sunnmøre, det same

er gjeldande Stryn og Hornindal.

2. Stranda kommune går inn i samtalar gjennom forhandlingsmøte med Sykkylven kommune

3. Stranda kommune går inn i samtalar gjennom felles formannskapsmøte med Norddal kommune

4. Stranda kommune utgreier nullalternativet

5. Samansetnad av prosjektgruppe: Jostein Dalen, Ole Jørgen Sve, Amalie Birkhol, Elisabeth Opsvik,

tillitsvalde, rådmann 2 stk.

6. Samansetnad av forhandlingsutval: Jan Ove Tryggestad, Frank Sve, Arild Ringdal, Elisabeth Opsvik

Saksopplysningar

Stranda kommune har etter vedtaket vore invitert på to møter:

Ordførar og rådmann, kommunekontakt samt politikarar på Stranda vart invitert til folkemøte i Eidsdal,

der tema for møta var:

Utgreiing av alternativ knytt til bygdene Norddal og Eidsdal inn i Stranda kommune.

Stranda kommune vart og invitert til Sykkylven for uformelle samtalar der Rådmann og kontakt person for kommunereforma tok del.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak i Sykkylven

Saka vert lagt fram med tre alternative forslag til vedtak:

Alt A. Sykkylven kommune innleiar forhandlingar med Stranda kommune med formål å skape ein ny landkommune.

Alt B. Sykkylven kommune går i forhandlingar med kommunane i regionkommuneprosjektet med

formål å skape ein ny regionkommune på nordre Sunnmøre.

Alt C. Sykkylven kommune vedtek å halde fram som eiga kommune.

Forslag til vedtak kommunereforma frå Sykkylven senterparti

I forslaget står det at Sykkylven har køyrd gode prosessar i samband med kommunereforma.

Reforma har vore i kommunestyre

og formannskap på dei fleste møta siste året.

1. Sykkylven kommune ser gjennom prosessen og ved høyringane ein har gjort, at Sykkylven kommune i denne omgang vil fortsette som eiga kommune.
2. Skulle det likevel skje at Sykkylven kommune vert tvungen til samanslåing med andre kommunar, vel ein no å forhandle fram ein intensjonsavtale med Stranda.
3. Forhandlingsutvalet sitt arbeid skal vere slutført innan 20.03.2016.

Kommunestyret i Norddal skal legge fram sak om retningsval i kommunestyret den 04. februar 2016

KS har sett nærmare på høyringsforslaget til nytt inntektssystem for kommunane som Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt på høyring med høyringsfrist 1. mars 2016.

I høyringsforslaget frå KMD presenterast blant anna:

forslag til nye kostnadsnøklar for kommunane, inkludert ein ny modell der det skil mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper forslag til endringer i de regionalpolitiske tilskota, ein informasjon av skatteelementa i inntektssystemet.

Forslaga er vurdert nærmare i eit [notat til Hovudsyre](#) i KS.(sjå vedlegg)

Nye kostnadsnøklar:

Forslaget til nye kostnadsnøklar er hovudsakeleg ein rein oppdatering av dei kostnadsnøklaene som gjeld i dag.

Nytt strukturkriterium:

Høyringsforslaget presentera vidare eit opplegg for å skilje mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper, gjennom bruk av eit strukturkriterium for fastsetting av basistilskotet. Det måler reiseavstand for den einskilde innbyggjar for å møte 5 000 innbyggjarar (målt med utgangspunkt i grunnkretsen si befolkningsmessige sentrum). Gjennomsnittet for alle kommunane sine innbyggjar blir kommunen sin verdi. Strukturkriteriet nyttast til å gradere kommunen sitt basistilskot. Medan alle kommunar i dag får eit fullt basistilskot, 13,2 mill. kroner i 2016, ville bruken av eit strukturkriterium medført at kommunen ville fått mellom 0 og 13,2 mill. kroner i basistilskot.

Kommunesektoren sine samla inntekter vil ikkje bli råka av forslaget, fordi reduksjonen i basistilskotet vil bli halde i det samla inntektssystemet, men gir omfordelingsverknader mellom kommunane.

Regionalpolitiske tilskot:

I høringsnotatet kjem der ingen forslag til satsar for dei nye tilskota, men det blir lagt opp til at småkommunetillettet vil bli differensiert i forhold til kommunen sin verdi på distriktsindeksen (eksisterande indeks for grad av distrikts- utfordringar) det vil bli gjort justeringar i tilskota slik at meir enn i dag blir fordelt per innbyggjar Omleggingane som blir skissert antek ein å ha størst betydning for kommunane med under 3 200 innbyggjarar. I og med at det ikkje er fremma eit forslag til nye tilskottsatsar har det ikkje vore mogeleg å lage verknadstabellar ned på kommunenivå.

Vurdering

Kommunestyret skal gjere eit viktig val som vil få varig verknad for framtida. Skal Stranda kommune vere med å skape ein ny kommune saman med ein eller fleire nabokommunar? Skal Stranda halde fram som eigen kommune? Kva vil dei ulike alternativa innebere. Kva moglegheiter og kva truslar ser vi i dei ulike alternativa.

I oppgåvemeldinga som kom i 2015 låg det ein del nye arbeidsoppgåver, men det er vel rett å seie at

meldinga på langt nær var så avklarande som mange hadde håpa på. Fleire konkrete oppgåver var

nemnt, dette var i stor grad forvaltingsoppgåver, medan overføring av meir mynde til kommunane var

meir uklart. Fleire oppgåver skulle også utgreiast vidare.

Oppgåvemeldinga gav altså ikkje fullgode svar, men uansett må ein legge til grunn at kommunen vil få

fleire oppgåver i framtida. Altså; framtida blir ikkje som i dag!

Tett før jul kom forslag til nytt inntektssystem på høyring. Pr dato ligg det ikkje føre fullgode analysar av

kva følgjer dette vil få for kommunane, men ei omlegging av basistilskot er lagt inn. Det vert foreslått å

knyte dette opp til ein avstandsparameter for å nå 5000 innbyggjarar. Tre ulike avstandar er vurdert frå 13.3 – 25.4 km. Telemarksforsking har gjort ei vurdering av effekten av denne omlegginga av basistilskotet som viser at Stranda vil tape frå 0 – 5.1 mill på denne ordninga, jamfør ein reportasje frå Kommunal Rapport.

Det vert sagt at det ikkje vert gjort brå endringar og at inntektsgarantiordninga skal bestå, men at

endringane kan få ein større effekt på sikt. Korleis basistilskotet blir ved ei eventuell større kommune er

uklart på dette tidspunktet.

KS presenterar ein heilskapleg oversikt over korleis endringane vil slå ut for kommunane. (sjå vedlegg)

Forslaget er eit første høyringsforslag. Kva endeleg resultat blir er ikkje klart før i 2017, men det er

grunn for å tru at ein vil ende opp med eit system mindre kommunar på sikt taper på. Altså kan vi her

og seie: Framtida blir ikkje som i dag!

Eit omfattande arbeid har vore gjennomført og kommunestyret må no ta eit endeleg retningsval, sjølv om ein ikkje har svar på alle spørsmål. Det er moglegheiter og truslar ved alle alternativ. Sentralt spørsmål er om og kven ein eventuelt skal gå i forhandlingar med. Vedtak i kommunestyret i desember opnar opp for ei slik løysing. Skal ein forhandle med begge alternativa?, altså utover og innover, eller skal ein snevre inn og forhandle med berre eitt alternativ?, og i tilfelle kva? Eller har så mange bestemt seg for å stå åleine at ein kan gå rett på den løysinga?

Forhandlingar skal føre fram til ein intensjonsavtale. Ut frå anbefalingar og døme frå kommunar som har

gjennomført forhandlingar, ser ein at intensjonsavtalane vert lagt på eit overordna nivå. Dei dannar

rammer for utviklinga av ein ny kommuneorganisasjon, og kan gi svar på ein del spørsmål, men vil ikkje

kunne gå i detaljar og svare på alle spørsmål. (som eksempel, sjå forslag til intensjonsavtale mellom Stranda og Norddal lagt ved som vedlegg).

Forhandlingane blir krevjande, og vil legge beslag på store ressursar. Forhandlingsutvalet er fire personar,

men her må også haldast tett kontakt med tillitsvalde og gjerast eit aktivt arbeid mellom forhandlingsmøta.

Dersom kommunestyret sine medlemar har gjort seg opp ei oppfatning om kva veg vi skal ut i frå det

arbeidet som er gjort, bør det kome tydelig fram no. Dersom det er eit fleirtal som har bestemt seg for

at Stranda bør halde fram som i dag, er det lite hensiktsmessig å bruke omfattande ressursar på forhandlingar. I ei forhandlingsfase må mange andre arbeidsoppgåver ligge på vent, derfor er det viktig

at om ein går for forhandlingar må det være eit reelt ønskje om å skape ein ny kommune.

Å forhandle med meir ein part vil vere svært vanskeleg fordi vi har avgrensa ressursar å nytte til dette

arbeidet og same forhandlingsutval må føre begge forhandlingane. Regionprosjektet har til dømes alt

starta opp med fleire møter berre i løpet av januar.

Fylkesmannen oppmodar sterk dei kommunane som vel null-alternativet om også å vedta eit alternativ-

B. Fylkesmannen skal sjølv i løpet av hausten gi si innstilling til departementet med forslag til framtidig

kommunestruktur i fylket. Det er ikkje kjent kva det forslaget vil innebere. Fylkesmannen overstyrer

imidlertid ikkje kommunane i dette spørsmålet, men gir ei tilråding til departementet.

Økonomiske konsekvensar

Til sjølve reformprosessen får kommunane 200.000,- frå fylkesmannen til reformarbeidet i 2016. Vidare

arbeid med reformprosessen skal dekkast innafor dette beløpet.

Fylkesmannen har også lova samanslåingskommunane midlar til ei prosjektstilling.

Økonomiske konsekvensar av sjølve reforma er eit komplisert spørsmål.

I reformpakken ligg eit eingongstilskot og eit eige reformtilskot til dei kommunane som slår seg saman.

Stranda - Sykkylven vil få 25 millionar i slik støtte. Stranda og Norddal vil få 20 millionar.

Regionalalternativet med utgangspunkt i bu- og arbeidsmarknadsregionen kring Ålesund (til dømes Sykkylven, Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje og Ørskog) vil få 90 millionar.

Regjeringa har vore tydeleg på at økonomiske verkemiddel vil blir brukt for å få større kommunar.

I forslag til nytt inntektssystem er småkommunetilskotet fjerna og det er gjort endringar i basistilskotet.

Ein har fått eit klart inntrykk av at det vil «straffe seg» å være frivillig liten, og at ein helst vil ha kommunar med over 15-20.000 innbyggjarar. Kommunar som slår seg saman vil behalde tilskot som om

dei var åleine i 15 år og deretter ei nedtrapping over 5 år.

Forslaget om endring av basistilskotet er å knyte dette opp mot folketal og avstandar. I dag får alle

kommunar ca. 13 mill. pr. år berre for å vere kommune. Som nemnt tidlegare i saka har Telemarksforsking

sett på effekten av endringar i basistilskotet, der Stranda vil tape mellom 0 – 5 millionar alt etter valt

løysing.

Ut i frå den informasjonen vi har i dag, er det ikkje mogleg å seie eksakt korleis rammeoverføringane og

økonomien vil virke for Stranda kommune, om vi blir åleine eller er med å skape ei ny kommune utover

mot Sykkylven eller innover mot Norddal.

I prosessen er det peika på fleire fordelar med å gå inn i ein ny kommune som ikkje let seg talfeste.

Dette er til dømes større fagmiljø, stordriftsfordelar, regionalt tyngdepunkt og auka attraktivitet.

Dette er ei omfattande og utfordrande sak, der alle alternativ vil få store og varige følgjer. Det er avgjerande med god politisk styring der representantane må sette seg godt inn i dei rapportane og

utgreiingane som er tilgjengelege.

Nokre sentrale moment er:

- Kommunane får nye oppgåver.
- Inntektssystemet blir endra til fordel for større kommunar.
- Kommunane må ta eit val ut frå dei moglegheitene og truslar ein ser i dag.
- Ein må ha ein langsiktig tidshorisont .
- Forhandlingar må vere reelle.

Rådmannen i Stranda har vurdert dei ulike alternativa, og har kome til at dersom ein vel å stå åleine vil kommunen over tid bli svær sårbar i høve økonomiske overføringar j.f nytt inntektssystem, men og i høve tenesteproduksjonen.

Den utarbeide SWOT analyse for Stranda kommune stadfestar og forsterkar dette.

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
19.01.2016	KS Inntektssystem høring	187032
19.01.2016	Intensjonsavtale eksenpel Stranda- Norddal	187033
19.01.2016	Inntektssystem for Møre og romsdal	187034

